



Majo Eigedom As
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5752 - 22/81318

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
25.10.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 141/79 Kvamme nedre

Tiltak: bustad og terrengmur
Byggjestad: Gbnr: 141/79
Tiltakshavar: Kjetil André Nordbø Kvalheim
Ansvarleg søkjar: Majo Eigedom As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.07.2022.

Kommunen har kontrollert søknaden, og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgande dokumentasjon:

1. Det kjem fram av situasjonsplan datert 20.04.2022, at det skal takast ut masse langs med naboegedom retning nord. Byggesøknadsteikning/ fasade mot nord vest som viser sprengt fjell datert 04.05.2022, syner ikkje avstand til nabo. Administrasjonen ber om at det vert sendt inn målsett oppdaterte teikningar som syner dette.

Administrasjonen gjer merksam på at det mogleg er avstandskrav i pbl. § 29-4 som gjeld for tiltaket. Dersom tiltaket er i strid med avstandskravet, krev tiltaket dispensasjon eller samtykke frå nabo.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 22.11.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjetil André Nordbø Kvalheim
Majo Eigedom As

Kråkenesdalen 147
Lindåsvegen 154

5153 BØNES
5916 ISDALSTØ